Det har vore 2 tilfelle av skade med fråvær under arbeid. Begge hendingane er avviksbehandla, førebyggjande tilbak er gjennomførte og sakene lukka.

Det vert sett fokus på arbeidsmiljø gjennom verksemda sitt HMS-arbeid. IHM har sidan 2013 vore sertifisert etter SN-BS OHSAS 18001 og har med dette eit styringssystem for arbeidsmiljø som er i samsvar med Internkontroll-forskrifta av 1997 på alle punkt. Det er stor merksemd på førebyggjande arbeid, m.a. vernerundar, risikovurderingar og oppfølging av forbetringsforslag frå dei tilsette.

## ISO-sertifisering

Oppfølgingsrevisjon ISO 9001:2015, ISO14001:2015 og OHSAS 18001 vart gjennomført i juni 2018. Denne med-førte ingen avvik men nokre anbefalingar. Ny utgåve av arbeidsmiljøstandarden OHSAS 18001 kom våren 2018 og heiter no ISO 45001. IHM siktar på å sertifisering etter denne standarden ved hovudrevisjon i 2020.

## Endring i eigartilhøvet

Fellesnemnda for nye Ullensvang kommune har vedteke å drive renovasjonen i eigen regi. IHM har ikkje motteke oppseiing, men ein må rekne med at den nye kommunen ikkje blir ein del av IHM i framtida. Ved ei utmelding vil IHM miste omlag 1500 tonn avfall og ca. 6 mill. i gebyrinntekter. IHM må vere budd på endringar i organisasjonen som følgje av tapte gebyrinntekter.

*Voss, 20. mars 2019*

*Stein Kvarekvål*
*- styreleiar*

*Trygve Vik*
*- nestleiar*

*Marta Tveit*
*styremedlem*

*Inger Marie Himle*

*Ingrid Sæbø*
*styremedlem*

*Annelise Bergstø*
*styremedlem*

*Ronny Lunestad*
*styremedlem*

*Geir Mo*
*- dagleg leiar*

# Kommunikasjon med interessepartar

## Kommunikasjon til folket

I ei digital verd, treng ein verktøy for å halde kontakten. IHM har no fått utvikla eigen App. Med denne kan abonnentane enkelt sjekke tømmekalenderen på mobilen og få påminning hentedagen. I den nye App'en finn ein også oversikt over miljøstasjonar, opningstider og etter kvart kart over hyttereturpunkt. Det er og høve til å sende meldingar direkte til IHM i appen.
Instagram har vore ein trofast følgesven i fleire år. I 2018 vart det og oppretta FB-konto for å kommunisere med våre digitale generasjonar.

## Festivalar og arrangement – rein oppleving

IHM støttar arrangement og festivalar i regionen ved å bidra til miljørett avfallshandsaming og tydeleg miljøprofil. At arrangørar tek ansvar for å redusere negative konsekvensar av eiga verksemd og aktivitet er viktig, både direkte, og indirekte ved å vere eit førebilete. Slike haldningar bidreg positivt til heile regionen sitt omdøme. Nokre av arrangementa IHM har støtta i året som gjekk, er Handverksmessa i Jondal, Kvasshovden opp, Expedition Amundsen og Vossa Jazz. Ombruksarrangement brer om seg, og IHM har støtta både loppemarknad, brukomatdag og internsjonal klesbytedag med Naturvernforbundet.

I Eidfjord har me vore inviterte til Klimamånad i regi av biblioteket, og i Ulvik har me hatt innlegg i Berekraftsforum. Også i år har IHM vore samarbeidspartnar, inkludert representert i juryen for Fornybar framtid, med Voss Energi, Voss kommune og Ungt Entreprenørskap. Me har og hatt gleda av å ha både LOOP og Klimapartnere Hordaland på besøk.

## Ny henteordning

Ein milepæl i år, er innføringa av henteordning for glas- og metallemballasje. Med dette har hardingane og vossingane i vår region henteordning for 5 ulike fraksjonar: papp- og papir, plastemballasje, matavfall, glas- og metallemballasje og restavfall. I takt med strengare krav frå EU og nasjonale myndigheiter om større del materialgjenvinning, er dette eit tiltak for å auke mengda utsortert glas- og metallemballasje. Den nye ordninga er teken vel imot hjå abonnentane, og det er hausta mange lovord om tilbodet. Nyvinninga har mellom anna vore profilert i Eidfjordnytt og i lokalavisene, og det har vore lagt ned eit omfattande kommunikasjonsarbeid for best mogeleg oppstart og oppfølging av tiltaket.

## Hollywood

I samband med innføring av ny ordning for glas- og metallemballasje og renovasjonsapp'en, tok IHM på seg ei ny rolle som filmskapar. Ved hjelp av dyktige og kreative superlokale skodespelarar og eit eksklusivt internt filmteam, vart to filmar lagt ut på FB med stor suksess. Den eine filmen har hatt over 10K visningar, og den andre nærmar seg no 5K!

## Stand

For fyrste gong på fleire år, har IHM hatt stand, både under Smalahovesleppet på Voss og under Oktobertorgdagen i Ulvik. Som eit ledd i å vere meir synleg og tydeleg, er det viktig å by på seg sjølv og hauste av tilbakemeldingar frå brukarane.

## Strandrydding

I 2018 gjekk IHM i lag med Bergen og Omland Friluftsråd og 4 andre avfallsselskap i Hordaland om ein samordna søknad til Miljødirektoratet om midlar til strandrydding. IHM søkte om kr 91.000,- til dekning av kostnadar knytt til aktiviteten. Talet på ryddeaksjonar registrert i Hold Norge Rent, har fordelt seg slik mellom kommunane: Eidfjord 1, Granvin 3, Jondal 1, Ullensvang 3, Ulvik 2, Voss 8. I tillegg har mange skular og barnehagar engasjert seg. IHM har registert 30 ryddeinitiativ totalt, og reknar at meir enn 700 frivillige har teke del i den nasjonale dugnaden. I tillegg til den viktige ryddejobben, har dette naturlegvis ein einestående effekt med omsyn til å påverke oss til gode haldningar og handlingar for ei rein oppleving.

## Returkartonglotteriet

I 2018 har mange av våre abonnentar opplevd å verte returkartongvinnarar. Både Ullensvang, Ulvik og Granvin har hatt vinnarar som har stukke av med kr 10 000 kvar.




*Utstilling om «plastkvalen» i lag med BOF under Voss Cup – skremmer og engasjerer.*



*IHM og Sylvelin frå LOOP heiar på meir kjeldesortering.*



*Topp engasjerte elevar frå Brakanes skule på studietur.*




*Lukka i livet er å vinne i returkartonglotteriet. Premieutdeling på Cittaslowbygda Ulvik sitt temamøte: «Kast mindre – kast smart»*

# Resultatrekneskap 2018

| | NOTE | TOTALT REKNESKAP 2018 | TOTALT BUDSJETT 2018 | TOTALT REKNESKAP 2017 | HUSHALD REKNESKAP 2018 | HUSHALD BUDSJETT 2018 | HUSHALD REKNESKAP 2017 | NÆRING REKNESKAP 2018 | NÆRING BUDSJETT 2018 | NÆRING REKNESKAP 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | | | | | | | | |
| Gebyrinntekter | | 37 371 193 | 37 903 940 | 35 539 938 | 37 371 193 | 37 903 940 | 35 539 938 | | | |
| Andre driftsinntekter | | 31 050 343 | 29 087 186 | 30 948 599 | 4 296 267 | 1 750 000 | 4 506 899 | 26 754 078 | 27 337 186 | 26 441 699 |
| **Sum driftsinntekter** | 1 | **68 421 536** | **66 991 126** | **66 488 537** | **41 667 460** | **39 653 940** | **40 046 837** | **26 754 078** | **27 337 186** | **26 441 699** |
| **DRIFTSKOSTNADER** | | | | | | | | | | |
| Innsamling, transport, | | 11 033 161 | 13 545 219 | 10 098 111 | 5 471 093 | 8 314 055 | 6 198 604 | 5 562 068 | 5 231 163 | 3 899 507 |
| Avfallshandsaming | 2 | 15 707 731 | 14 678 038 | 13 825 348 | 7 790 323 | 9 009 379 | 8 486 523 | 7 917 408 | 5 668 658 | 5 338 824 |
| Personalkostnader | 3 | 29 984 877 | 22 018 325 | 24 758 099 | 18 405 857 | 13 973 742 | 15 197 462 | 11 579 020 | 8 044 583 | 9 560 637 |
| Avskrivingar | 4 | 7 162 148 | 6 942 964 | 6 865 590 | 3 552 101 | 4 261 591 | 4 214 360 | 3 610 047 | 2 681 373 | 2 651 230 |
| Andre driftskostnader | 3 | 8 330 732 | 6 942 964 | 7 620 778 | 4 131 666 | 4 261 591 | 4 677 923 | 4 199 066 | 2 681 373 | 2 942 855 |
| **Sum driftskostnader** | | **72 218 649** | **64 127 509** | **63 167 926** | **39 351 040** | **39 820 359** | **38 774 872** | **32 867 609** | **24 307 150** | **24 393 053** |
| **DRIFTSRESULTAT** | | **-3 797 113** | **2 863 617** | **3 320 611** | **2 316 420** | **-166 419** | **1 271 965** | **-6 113 531** | **3 030 036** | **2 048 646** |
| **FINANSINNTEKTER** | | | | | | | | | | |
| Renteinntekter | | 429 253 | | 362 799 | 212 890 | | 231 237 | 216 363 | | 131 563 |
| **FINANSKOSTNADER** | | | | | | | | | | |
| Nedskriving finansielle anl.middel | 6 | -5 524 488 | | | | | | -5 524 488 | | |
| Rentekostnader | | -328 626 | -164 749 | -319 636 | -162 983 | -104 556 | -191 782 | -165 642 | -60 193 | -127 854 |
| **Sum finansinntekter/kostnader** | | **-5 423 861** | **-164 749** | **43 163** | **49 907** | **-104 556** | **39 455** | **-5 473 767** | **-60 193** | **3 709** |
| **ÅRSRESULTAT FØR SKATT** | | -9 220 974 | 2 698 868 | 3 363 774 | 2 366 327 | -270 975 | 1 311 420 | -11 587 298 | 2 969 843 | 2 052 355 |
| **SKATTEKOSTNAD** | 8 | -1 420 521 | | 565 812 | | | | -1 420 521 | | 565 812 |
| **ÅRSRESULTAT** | | **-7 800 453** | | **2 797 962** | **2 366 327** | | **1 311 420** | **-10 166 777** | | **1 486 543** |
| **DISPOSISJONAR** | 9 | | | | | | | | | |
| Utjamningsfond hushald | | -2 366 326 | | -1 311 420 | -2 366 326 | | 1 311 420 | | | |
| Overføring til udisp. overskot | | 10 166 778 | | -1 486 542 | | | 0 | 10 166 788 | | -1 486 543 |
| **Sum disposisjonar** | | **7 800 452** | | **-2 797 962** | **-2 366 326** | | **1 311 420** | **10 166 788** | | **-1 486 543** |

# Balanse 2018

| EIGEDELAR | NOTE | TOTALT 2018 | TOTALT 2017 | HUSHALD 2018 | HUSHALD 2017 | NÆRING 2018 | NÆRING 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Anleggsmidlar** | | | | | | | |
| Immaterielle eigedelar | 8 | 2 090 117 | 301 951 | | 7 591 | 2 090 117 | 294 360 |
| Varige driftsmidlar | 4 | 35 790 634 | 34 679 761 | 22 714 220 | 22 009 214 | 13 076 414 | 12 670 547 |
| Finansielle anleggsmidlar | 6 | 6 924 253 | 9 895 608 | 315 481 | 9 467 679 | 6 608 772 | 427 929 |
| **Sum anleggsmidlar** | | **44 805 004** | **44 877 320** | **23 029 701** | **31 484 484** | **21 775 303** | **13 392 836** |
| **Omløpsmidlar** | | | | | | | |
| Fordringar | | 6 898 965 | 5 990 294 | 1 177 851 | 1 117 536 | 5 721 114 | 4 872 758 |
| Forsk.betalte kostnader oa. | | 1 038 795 | 1 462 323 | 743 563 | 916 896 | 295 231 | 545 428 |
| Kontantar, bankinnskot | | 12 894 334 | 22 106 386 | 10 478 985 | 14 835 005 | 2 415 349 | 7 271 381 |
| **Sum omløpsmidlar** | | **20 832 094** | **29 559 003** | **12 400 399** | **16 869 437** | **8 431 695** | **12 689 567** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **65 637 098** | **73 221 559** | **35 430 100** | **48 353 921** | **30 206 998** | **26 082 403** |
| **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | | | | | |
| **Eigenkapital** | | | | | | | |
| Utjamningsfond | 10 | -12 431 326 | -6 065 174 | -12 431 326 | | | |
| Innskoten eigenkapital | 7,1 | -100 000 | -100 000 | -100 000 | -100 000 | | |
| Opptent eigenkapital | 10 | -11 347 378 | -25 025 588 | | -20 916 196 | -11 347 378 | -10 045 429 |
| Årsresultat | | | | | -1 129 137 | | |
| **Sum eigenkapital** | | **-23 878 704** | **-31 190 762** | **-12 531 326** | **-22 145 333** | **-11 347 378** | **-10 045 429** |
| **Gjeld** | | | | | | | |
| Avsetjing forpliktingar | 11 | -17 740 064 | -16 766 368 | -7 791 396 | -9 751 977 | -9 948 669 | -6 014 391 |
| Anna langsiktig gjeld | 5 | -12 988 681 | -15 051 320 | -9 422 045 | -10 918 293 | -3 566 636 | -4 133 027 |
| Kortsiktig gjeld | 12 | -11 029 649 | -11 427 874 | -5 685 333 | -5 538 318 | -5 344 316 | -5 889 556 |
| **Sum gjeld** | | **-41 758 394** | **-43 245 562** | **-22 898 774** | **-26 208 588** | **-18 859 620** | **-17 036 974** |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **-65 637 098** | **-74 436 324** | **-35 430 100** | **-48 353 921** | **-30 206 998** | **-27 082 403** |

Voss, 20. mars 2019

Stein Kvarekvål
- styreleiar

Trygve Vik
- nestleiar

Marta Tveit
styremedlem

Inger Marie Himle

Ingrid Sæbø
styremedlem

Annelise Bergstø
styremedlem

Ronny Lunestad
styremedlem

Geir Mo
- dagleg leiar

# Notar til rekneskapen 2018

## Rekneskapsprinsipp

**Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og NRS 8, God regnskapsskikk for små foretak.**

### Driftsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir leverte.

### Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut med 22% på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskaps- og skatteverdiane, og underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna og nettoførte.

### Klassifisering og vurdering av anleggsmidlar

Anleggsmidlar omfattar eigedelar som er sette av til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskostnad. Varige driftsmidlar blir balanseførte og skrivne av over den økonomiske levetida deira. Avskrivingsperioden for fast eigedom som er kjøpt etter 2009, er dekomponert i ein del som gjeld råbygget, og ein del som gjeld faste tekniske installasjonar. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til beløpet som kan attvinnast ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigåande. Beløpet som kan attvinnast, er det høgste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av framtidige kontantstraumar som er knytte til eigedelen. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

### Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi.

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar blir førte opp til pålydande verdi etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

### Pensjonsforpliktingar

Pensjonsforpliktingar som er finansierte over drifta, er rekna ut og balanseført under avsetning for forpliktingar. Pensjonsordningar som er finansierte via sikra ordningar, er ikkje balanseførte. Pensjonspremien blir i desse tilfella rekna som pensjonskostnad og klassifisert saman med lønskostnader.

### Garanti

Det er sett av midlar til forventa garantikostnader. Garantiavsetninga er i balansen oppført under anna kortsiktig gjeld.

## Note 1. Salsinntekter

Salsinntekter fordeler seg på følgjande postar:

| | 2018 | 2017 |
|---|---|---|
| Renovajonsgebyr | 37 371 193 | 35 538 552 |
| Næringsabonnentar | 1 619 841 | 2 165 391 |
| Mottak av avfall | 12 365 775 | 11 473 504 |
| Tranport/containerleige | 11 013 880 | 10 177 809 |
| Gjenvinning (sal avfall) | 5 014 715 | 4 966 824 |
| Diverse inntekter | 1 036 132 | 2 166 456 |
| **Sum** | **68 421 536** | **66 488 537** |

## Note 2. Driftskostnader

Posten "Avfallshandsaming" er slått saman av:

| | 2018 | 2017 |
|---|---|---|
| Avfallsmottak/deponi | 6 604 534 | 6 007 868 |
| Gjenvinningsordningar | 3 015 402 | 2 369 005 |
| Vedlikehald leige maskin, sorteringsutst | 6 087 796 | 5 448 474 |
| **Sum driftskostnader** | **15 707 731** | **13 825 347** |

## Note 3. Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

| Lønskostnader | 2018 | 2017 |
|---|---|---|
| Løningar | 22 821 372 | 19 040 902 |
| Arbeidsgjevaravgift | 3 398 439 | 3 015 918 |
| Pensjonskostnader | 2 453 181 | 1 985 000 |
| Andre ytingar | 1 311 885 | 716 279 |
| **Sum** | **29 984 877** | **24 758 099** |

Selskapet har i 2018 sysselsett 38 årsverk.

### Pensjonsforpliktingar

Kommunal Landspensjonskasse (KLP), arbeidsgjevar sin del av premie til pensjon og AFP.
Det er ikkje gitt lån til dagleg leiar, styre eller tilsette.

| Ytingar til leiande personar | Dagleg leiar | Styret |
|---|---|---|
| Løn | 856 124 | 262 166 |
| Pensjonskostnader | 70 726 | 0 |
| Anna godtgjering | 0 | 0 |
| **Sum** | **926 850** | **262 166** |

### Revisor

Det kostnadsførte revisjonshonoraret for 2018 utgjer kr 24 000.
I tillegg kjem honorar for andre tenester med kr 52 500.

## Note 4. Anleggsmiddel

| | Bygningar og tomter | Maskiner og anlegg | Driftslausøre, inventar ol. | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Innkjøpskostnad pr. 01.01.18 | 33 273 246 | 1 382 682 | 6 582 898 | 41 238 827 |
| + Tilgang kjøpte anleggsmiddel | 6 307 474 | 20 360 | 1 945 185 | 8 273 0 |
| **= Innkjøpskostnad 31.12.18** | **39 580 721** | **1 403 042** | **8 528 084** | **49 511 846** |
| Akkumulerte avskrivingar 31.12.18 | 9 423 251 | 706 792 | 3 591 171 | 13 721 214 |
| **= Bokført verdi 31.12.18** | **30 157 469** | **696 251** | **4 936 913** | **35 790 633** |
| Ordinære avskrivingar dette året | 5 056 235 | 341 180 | 1 764 733 | 7 162 148 |
| | | | | |
| Økonomisk levetid | 0-25 år | 5 år | 3-10 år | |

## Note 5. Fordringar, gjeld og garantiplikt

Uteståande krav og leverandørgjeld er ført i balansen med pålydande. Det er ikkje teke opp nye lån i 2018. IHM tok i 2012 opp lån på 10,0 mill kr med nedbetaling over 16 år. Dette er lagt til inngått lån i 2011 på 6,0 mill kr. Det er tidlegare inngått lån med ramme på kr 20,5 mill kr med nedbetaling over 20 år. I 2018 er det betalt kr 2 062 640,- i avdrag.

Det langsiktige gjelda utgjer kr 12 988 680,- ved utgangen av året. IHM har pr. 31.12.2018
kommunale garantiar for lån på kr 35,0 mill, jf. selskapsavtale gjeldande frå 29.04.2014

## Note 6. Finansielle anleggsmidlar

Kapitalauke i Hordaland Bioenergi AS vart vurdert som prosjektutviklingskostnad og det er føreteke ei nedskrivning av aksjane til verkeleg verdi pr 31.12.2018 med kr 5 524 488,-

| **Aksjar tilknytta selskap** | Forretningskontor | Eigarandel | Stemmedel | Balanse pr 31.12.18 |
|---|---|---|---|---|
| Hordaland Bioenergi AS | Voss | 50% | 50% | 6 350 513 |
| **Andre aksjar** | | | | |
| Rekom AS | Bergen | < 1% | < 1% | 86 700 |
| Retura AS | Oslo | < 1% | < 1% | 157 300 |

## Note 7. Interessekapital

IHM sin interessekapital er innbetalt av medlemskommunane på grunnlag av folketalet pr 01.01.92:

| **Kommune** | Folketal | % | Del av interessekapital |
|---|---|---|---|
| Eidfjord | 1 080 | 4,8 | 4 800 |
| Granvin | 1 031 | 4,6 | 4 600 |
| Jondal | 1 253 | 5,6 | 5 600 |
| Ullensvang | 3 947 | 17,5 | 17 500 |
| Ulvik | 1 251 | 5,5 | 5 500 |
| Voss | 13 969 | 62,0 | 62 000 |
| **Sum** | **22 531** | **100** | **100 000** |

## Note 8. Skatt

| Skattekostnad | 2018 | 2017 |
|---|---|---|
| Resultatført skatt på ordinært resultat: | | |
| Betalbar skatt | -120 749 | 320 505 |
| Endring i utsett skattefordel | -1 299 772 | 245 307 |
| **Skattekostnad ordinært resultat** | **-1 420 521** | **565 812** |
| Skattepliktig inntekt: | | |
| Ordinært resultat før skatt | -11 587 299 | 2 052 355 |
| Permanente forskjellar | 5 523 049 | 253 351 |
| Endring i midlertidige forskjellar | -860 001 | -970 270 |
| **Skattepliktig inntekt** | **-6 924 251** | **1 335 436** |
| Betalbar skatt i balansen: | | |
| Betalbar skatt på årets resultat | 0 | 710 459 |
| Skyldig ilikna skatt fra tidlegare år | 0 | -390 671 |
| **Sum betalbar skatt i balansen** | **0** | **319 787** |

Skatteeffekten av midlertidige forskjellar og underskot til framføring som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av midlertidige forskjellar:

| | 2018 | 2017 | Endring |
|---|---|---|---|
| Varige driftsmidlar | 3 809 545 | 2 578 109 | -1 231 436 |
| Fordringar | -147 | -147 | 0 |
| Avsetjingar mv | -6 385 827 | -6 014 391 | 371 435 |
| Pensjonspremie/- forpliktingar | 147 | 147 | 0 |
| **Sum** | **-2 576 282** | **-3 436 283** | **-860 001** |
| Akkumulert framførbart underskot | -6 924 251 | 0 | 6 924 251 |
| **Grunnlag for utrekning av utsett skatt** | **-9 500 533** | **-3 436 283** | **6 064 250** |
| **Utsett skattefordel (22% / 23%)** | **-2 090 117** | **-790 345** | **1 299 772** |
| Effekt av endring av skattesats | 95 005 | 34 363 | |

## Note 9. Disposisjon av årsresultat

Underskot i år 2018 vert føreslått nytta på følgjande måte (jf. styremøte 20.03.19 sak 25/19)

| | | |
|---|---|---|
| Overføring til utjamniongsfond hushald | kr | 2 366 326 |
| Overføring frå udisponert overskot | kr | -10 166 778 |
| **Sum overføringar** | **kr** | **-7 800 452** |

## Note 10. Eigenkapital

Sum eigenkapital pr 31.12.18 inneheld desse postane

| | | |
|---|---|---|
| Utjamningsfond Hushald | kr | 12 431 326 |
| Innskoten eigenkapital | kr | 100 000 |
| Opptent eigenkapital | kr | 11 347 378 |
| **Sum** | **kr** | **23 878 704** |

## Note 11. Forpliktingar

Denne posten omfattar følgjande:

| | | |
|---|---|---|
| Fond til etterdrift | kr | 1 000 000 |
| Avsetjing til utviding av deponi | kr | 2 828 014 |
| Avsetjing til avslutning og tildekking av deponi | kr | 1 328 198 |
| Deponi, etterdrift | kr | 10 480 992 |
| Voss Kommune sin del av sigevassrenseanlegg | kr | 502 860 |
| Avsetjing til forbehandling | kr | 1 600 000 |
| **Sum** | **kr** | **17 740 064** |

Jf. rettleiar til forskrift om deponering av avfall kan det verte stilt krav om topptetting dersom forureiningsstyremaktene meiner dette er nødvedig. Jf. forskift om deponering av avfall, vert det stilt krav til vedlikehald, overvåkning og kontroll i etterdriftsfasen. Etterdriftsfasen vert rekna til ein periode på minst 30 år. For 2018 er det sett av 1 mill. kr til avslutning og etterdrift. Samla sett er det no i rekneskapen avsett kr 10 480 922,- til etterdrift (sum av fond og avsetjing forpliktingar). Det er krav om å stille finansiell garanti for etterdrift. Det er oppretta ein eigen bankkonto til dekning av etterdrifts-kostnader. Ved utgangen av 2018 var det sett av om lag 9,69 mill. kr (inkl. renter).

## Note 12. Kortsiktig gjeld

Denne posten omfattar følgjande:

| | | |
|---|---|---|
| Leverandørgjeld | kr | 5 769 071 |
| Skattetrekk o.a. trekk | kr | 2 099 123 |
| Anna kortsiktig gjeld | kr | 3 035 840 |

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Til representantskapet i Indre Hordaland Miljøverk IKS

**MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR**

## Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

*Konklusjon*

Vi har revidert Indre Hordaland Miljøverk IKS sin årsrekneskap som viser eit underskot på kr 7.800.452,-. Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslovas regler, tilleggsbestemmingar i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk i Noreg.

*Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra i *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har følgt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

*Anna informasjon*

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon omfattar årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje anna informasjonen, og vi attesterer ikkje anna informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese anna informasjon for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at anna informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

*Styret og dagleg leiars ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at det gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslovas regler, tilleggsbestemmingar i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll den finn nødvendig

Vangsgata 30, Postboks 274, 5702 Voss, Telefon 56 53 00 20, E-post post@ihrevisjon.no, www.ihrevisjon.no

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til vidare drift og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betydning for vidare drift. Forutsetninga om vidare drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

*Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tilstrekkeleg tryggleik er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelegheit kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.[1]

**Uttale om andre lovmessige krav**

*Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om vidare drift og forslaget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Voss, 20.mars 2019

Elin Bye

Elin Bye
Revisjonssjef

---

[1] Linken under viser revisors oppgaver og plikter
http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger_revisors_oppgaver_og_plikter




*Flising av treverk. Råstoff klart for levering til fjernvarmeanlegg.*



*Ny ordning – dunkar klare for utrulling.*



*Dagleg leiar på HBio har omvisning for leiar i Klimapartnere Hordaland.*



*Plukkanalyse – viktig grunnlag for vidare strategiarbeid.*

IHM

+47 56 52 99 00 | ihm@ihm.no | www.ihm.no
Indre Hordaland Miljøverk | Bjørkemoen 60, Voss